



Skuleelvar ved Fjelly 2010 - Foto: Odd Steinar Arnesen

**Hyttestyre saman med skannegruppa er famleis på jakt etter fleire gode bilete med tilknytning til Fjelly, i samband med 100 årsjubileet til hytta.  
Tysdag 14. mars kl. 17.00 - 19.30 gjennomfører vi ein ny skanne kveld i Helgheim kjellaren.**

Som tidlegare nemnt er bileta tenkt nytta i ei bilert og historiebok som skal plasserast på Fjelly.

Vi har utstyr for å skanna opptil A4 bilete, glasplater og lysbilete/slides.

Alle tidsepokar er av interesse, men manglar særskilt bilete frå 1950 - 60 talet. Det er kjent at hytta var noko til nedfalls i denne perioden, før hytta vart sett i stand att, om lag 1965. Nyare bilete frå 2000 tallet og fram til i dag er også av interesse.

## Tema

Interessante tema kan vera:

- Samlingar/festar på hytta
- Skuleklassar og andre grupper
- Bygging og restaurering
- Fiske, naustet og båt
- Tekstar, songar skrivne på og om hytta

Det er bare å møte fram seinare enn kl. 17, vi vil halda ope til kl. 19.30.

Bileta vil bli vurdert registrert i ungdomslaget sitt biletarkiv.  
Eigar av bilete vil få digital kopi av bilete, dersom dei ynskjer det.

Tekst/Nett: Hans Ordin Østebø